

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 24 APRIL KL. 09.30
PÅ TEAMS****Desse møtte:**

Morten Storebø	Austevoll kommune
Bjarte Madsen	Austevoll kommune
Sammy Olsen	Bømlo kommune
Aud-Gunn Løklingholm	Bømlo kommune
Mette Heidi B. Ekrheim	Etne kommune
Bjørn Tollefsen	Etne kommune
Harald Rydland	Fitjar kommune
Olaug Haugen	Fitjar kommune
Hans Inge Myrvold	Kvinnherad kommune
Ragnhild Bjerkvik	Kvinnherad kommune (frå sak 17/20)
Jakob Bjelland	Stord kommune
Magnus Mjør	Stord kommune
Linn Therese Erve	Sveio kommune
Jostein Førre	Sveio kommune
Kåre Martin Kleppe	Tysnes kommune
Steinar Dalland	Tysnes kommune

Observatørar:

Arne Christian Mohn	Haugesund kommune
---------------------	-------------------

Frå administrasjonen møtte:

Gro Jensen Gjerde
Reidun Rykkje

Då var føre:

- Sak 10/20 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 7. februar d.å.
- Sak 11/20 Framlegg til årsmelding 2019
- Sak 12/20 Framlegg til rekneskap 2019
- Sak 13/20 Framlegg til budsjett 2020
- Sak 14/20 Framlegg til økonomiplan 2020-2023
- Sak 15/20 Framlegg til handlingsplan 2020
- Sak 16/20 Framlegg til revisor
- Sak 17/20 Val av 2 representantar til Sunnhordland Museum
- Sak 18/20 Domstolkommisjonens utredning NOU 2019: 17 Domstolstruktur – uttale
- Sak 19/20 Skriv og meldingar
 - a) Orientering ny dagleg leiar
 - b) Reiseliv
 - c) Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg
- Sak 20/20 Ymse
 - a) Uttale til fylkesrådmannen sitt framlegg til NTP

Sunnhordland, 24 april 2020

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

**REFERAT FRÅ MØTE I SAMARBEISRÅDET FOR SUNNHORDLAND FREDAG 24 APRIL 2020
KL 09.30 – KL 11.05 PÅ TEAMS**

Sak 10/20 Godkjenning av referat frå møte i Samarbeidsrådet 7. februar d.å.

Samrøystes vedtak.

Sak 11/20 Framlegg til årsmelding 2019

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek årsmeldinga for 2019 til orientering.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 12/20 Framlegg til rekneskap 2019

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek rekneskapen for 2019 til orientering.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 13/20 Framlegg til budsjett 2020

Framlegg til vedtak:

- 1 Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber styret rå Representantskapet til å auka det faste kommunetilskotet til kr. 20 000,- pr. kommune frå 2020.
- 2 Samarbeidsrådet ber styret rå Representantskapet til og auke kommunetilskotet med kr. 5,- til kr. 35 pr. innbyggjar frå 2021.
- 3 Samarbeidsrådet ber styret rå til at kommunetilskotet vert indeksregulert frå 2021.
- 4 Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at styret kan oversende framlagte budsjett til Representantskapet for godkjenning.

På møte:

På møte vart det sett fram nytt framlegg til vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber styret rå Representantskapet til å auka det faste kommunetilskotet til kr. 20 000,- pr. kommune for 2020.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at styret kan oversende framlagte budsjett til Representantskapet for godkjenning.

Den føreslegne auken i kommunetilskotet til kr. 35,- vert teke opp til ny vurdering i eit seinare møte. Samarbeidsrådet vil sjå nærare på verknadane for 2021 seinare i år.

Vedtak:

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber styret rå Representantskapet til å auka det faste kommunetilskotet til kr. 20 000,- pr. kommune for 2020.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at styret kan oversende framlagte budsjett til Representantskapet for godkjenning.

Sak 14/20 Framlegg til økonomiplan 2020-2023

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek økonomiplanen for perioden 2020-2023 til orientering.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 15/20 Framlegg til handlingsplan 2020

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland tek handlingsplan for 2020 til orientering.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 16/20 Framlegg til revisor

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet for Sunnhordland rår til at RSM Norge AS held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland for 2020.

Samarbeidsrådet ber om at val av revisjon vert sendt ut på anbod hausten 2020.

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 17/20 Val av 2 representantar til Sunnhordland Museum

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet vel følgjande medlemmer og personlege varamedlemmer til styret i Sunnhordland museum:

1. Medlem: Jorunn Skåden
Personleg varamedlem: Harald Rydland
2. Medlem: Synnøve Handeland
Personleg varamedlem: Ragnhild Bjerkvik

Vedtak:

Samrøystes vedtak.

Sak 18/20 Domstolkommisjonens utredning NOU 2019: 17 Domstolstruktur – uttale

Framlegg til uttale

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet syner til vedlagde uttale datert 12.03.2019 der råda støtter intensjonsavtalen mellom Sunnhordland tingrett og Hardanger tingrett om samanslåing av domstolane. Ved ei samanslåing som angitt i intensjonsavtalen får domstolane felles rettskrets, hovudkontor med sorenskrivar, tingrettsdommar, dommarfullmektig, administrasjonssjef og sakshandsamarar i Sunnhordland, samt rettsstader med tingrettsdommar, dommarfullmektig og sakshandsamarar i Hardanger.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hardangerrådet meiner og at statlege strukturar for oppgåveløysing bør følge fylkesgrensa, som for vår del er opp mot Vestland.

Framlegg til vedtak

Samarbeidsrådet for Sunnhordland støtter uttalen slik den ligg føre.

På møte:

Det vart i møte teke opp at Samarbeidsrådet bør ha med eit alternativ 2, som og omhandlar jordskifteretten, slik Stord kommune har i sin uttale.

Etter ei drøfting vart ein samde om å utsetja saka, til innspel om eit alternativ 2 er teken med. Ny uttale vert sendt ut til godkjenning på epost.

Vedtak:

Saka vart utsett.

Sak 19/20 Skriv og meldingar

- a) Orientering ny dagleg leiar
- b) Reiseliv
- c) Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg

På møte:

- c) Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg

Saka kjem opp til drøfting i arbeidsutvalet i neste møte.

a) Uttale til fylkesrådmannen sitt framlegg til NTP

Fung. ordfører Jakob Bjelland, Stord kommune sette fram følgjande forslag til fylkesrådmannen sitt framlegg til uttale til NTP.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er særskuffa over at fylkesrådmannen i sitt framlegg til uttale til NTP ikkje prioriterer ferjefri veg E39 mellom Stord og Os, og dermed ikkje ser ut til å vera oppteken av å skapa gode kommunikasjonar internt i det nye fylket og leggja til rette for vekst og verdiskaping i vår del av fylket.

Når dette prosjektet av samferdselsdirektoratet vert identifisert som det klart mest samfunnsøkonomisk lønsame prosjektet i vårt fylke og heilt i toppen nasjonalt, er argumentasjonen om høge kostnader fylkesrådmannen legg til grunn for å utelata prosjekt korkje truverdig eller rasjonell.

I innspel til NTP har fagetatane vurdert prosjektet som svært aktuelt for lokalt næringsliv å ta del i prosjektet. I ei tid der Covid-19 gjev negativt utslag for næringslivet i fylket, samt oljeprisen gjev stor usikkerheit for verftsindustrien i Vestland, må fylkeskommunen satse på vegprosjekt som gjev sysselsetting i fylket. Hordfast er eit prosjekt som binder saman viktige bu- og arbeidsmarknadsregionar i Vestland. Det er også ein veg som vil auke konkurransekrafta for eksportindustrien i Vestland, og på Vestlandet. E39 Hordfast må difor prioriterast av fylkeskommunen.

Samarbeidsrådet er glade for at fylkesrådmannen peikar på E134 Bakka-Solheim og E134 Vågslid-Seljestad, men dette er aust-vest samband som ikkje bidreg til å knyta det nye fylket saman.

Samarbeidsrådet er heilt sikre på at dersom det nye fylket hadde inkludert Rogaland ville ferjefri veg mellom Stord og Os vorte prioritert, og kan ikkje forstå at fylkesrådmannen dermed legg opp til at fylkesgrenser avgjer korleis me skal byggja eit stamvegnett som skal leggja til rette for verdiskaping og utvikling.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser at det i uttalen er peika på svært mange gode prosjekt frå Bergen og nordover i fylket, og er glade for at det er politikarar som ser heile nye Vestland fylke og som er opptekne av utvikling i heile fylket som skal vedta endeleg uttale.

Det vart i møte bedt om at uttalen vert endra ut i frå innspela som kom i møte.

Når uttalen er forbetra og godkjent vert den sendt til politiske organ og dei politiske partia på fylket.

b) Corona situasjonen

Det vart i møte gitt ei orientering om corona situasjonen i kommunane.